

Fra: Fremtidens helsetjeneste
 Sendt: 18. januar 2011 09:15
 Til: hilde.aga@delta.no
 Emne: Ditt høringssvar, Høyring-ny lov om kommunale helse-og omsorgstenester, er mottatt

Dette er en bekreftelse på at vi har mottatt ditt høringssvar på temaet Generelle høringssvar.

Høyring-ny lov om kommunale helse-og omsorgstenester

Høyring - forslag til ny lov om kommunale helse -og omsorgstenester
 Norsk Tannpleierforening - NTPF takkar for invitasjonen til å koma med svar på høyringa om forslag til lov om kommunale helse -og omsorgstenester og NTPF har følgjande kommentarar:
 Kort presentasjon av tannpleiarane sin bakgrunn:
 Tannpleiarane er ei yrkesgruppe på bachelornivå som har helsefremjande og førebyggjande arbeid som 1. prioritet i si utdanning. Tannpleiarane har difor ei sentral rolle som helsearbeidarar både i møte med den enkelte pasient og i samarbeid med helsetenester og andre samfunnsaktørar. Tannpleiarane er ei forholdsvis liten gruppe med ca 1400 autoriserte tannpleiarar. Til samanlikning har Sverige ca 3600 tannpleiarar.
 Synspunkt til lovforslaget:
 Norsk Tannpleierforening ser positivt på samhandlingsreforma sin intensjon om større fokus på helsefremjande og sjukdomsførebyggjande arbeid med "føre var" prinsippet som gjeldande. NTPF visar til høyringssvaret som er gitt til forslaget om ny folkehelseslov.
 Dei fleste tannhelseproblem kan førebyggjast og det er positivt at tannhelsa i befolkninga er blitt betre. Utfordringa er å retta fokus og bruka ressursen på dei personane og gruppene i samfunnet som fortsett har ei dårleg tannhelse. Samfunnet har ei oppgave i å bli endå flinkare i å identifisera desse risikogruppene.
 Det er positivt å sjå at helsepolitikken satsar primært på førebyggjande tenking. I føringane til lovforslaget står at det å gje eit heilskapleg og tverrfagleg tilbod tilpassa den enkelte brukar, skal vera sentralt i tenesteytinga. Difor er det viktig at det blir vektlagt samordning med den offentlege tannhelsetenesta og kommunale tenester. Den offentlege tannhelsetenesta har tradisjon i å arbeida preventivt og tannhelsetenesta i mange fylkeskommunar har opparbeida gode samarbeidsrutinar på tvers av forvaltningsnivå. Lovforslaget legg opp til betre samhandling og skal vi lukkast i det arbeidet må denne samhandlinga konkretiserast.
 Eit eksempel her er utarbeiding av individuelle planar for pasientar med trong for langvarige og/eller koordinerte tenester. Desse pasientgruppene har som oftast også spesielle behov når det gjeld tannhelsa og det er viktig at tannhelsetenesta kjem inn med sin kompetanse. Her kan satsing på førebyggjande arbeid gjera at pasienten unngår tannhelseproblem på sikt. Dette gjeld barn, unge, funksjonshemma, eldre og andre grupper.
 Samarbeid mellom sjukehus og tannhelsetenesta må vidareutviklast. Her må det innarbeidast gode tilvingsrutinar til tannklinikk ved behov, men det viktigaste er å satsa på tannhelsekunnskap hos pleiepersonell og gode samarbeidsrutinar mellom sjukehusavdelingar og tannhelsetenesta.
 Tannhelsetenesta har også ein utfordring i å ha tilgang på god fagkunnskap innafor aktuelle sjukdomsområde.
 Rettleiing i å ivareta eigen tannhelse gjennom kosthaldsrettleiing, munnstell og liknande eller rettleiing til pleiepersonell i det å ivareta tannhelsa for pleietrengjande pasientar, er eit av dei viktige prinsippa i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Den budskap som blir gitt må vera einskapleg for å unngå at

bodskapen blir oppfatta som useriøs. Difor må her vera samhandling mellom faggrupper i dei råd som blir gitt brukarane.

I tannhelsetenesta må det forskast på årsak til ulikskap i tannhelse, og det må forskast på kva tiltak som har størst

effekt for å utjamna ulikskapen. Tannhelsetenesta skal jobba kunnskapsbasert.

NTpF ser fram til at dei 4

kompetasesentra på tannhelse som er under oppbygging skal opparbeida seg

vesentleg kunnskap på dette

området i samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta. Det er avgjerande at

kompetansesentra får dei

økonomiske rammene dette viktige arbeidet krev.

Norsk Tannpleierforening ser fram til positiv satsing på tverrfagleg tenking

innafor ulike faggrupper og

forvaltningsnivå. Det er ein føresetnad for evna til å kunna gjennomføra

helsefremjande og førebyggjande arbeid

og dermed flytta fokus til å førebyggja meir for å reparera mindre.

Venleg helsing

Norsk Tannpleierforening - NTpF

Hilde Aga

ledar

18. januar 2011 10:14

Svaret kan leses her

Du er registrert som:

Brukertype: Privatperson

Navn: orsk Tannpleierforening

Brukernavn: Norsk Tannpleierforening

E-post: hilde.aga@delta.no

Adresse: Lakkegata 3, 0134 Oslo